



Masfjorden kommune

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Rådmann	Svein Helge Hofslundsengen		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 21/41	Klassering:	

Masfjorden frivilligsentral

Skriv inn framlegg til vedtak her

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Formannskapet satte i februar 2021 ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med å fornye Masfjorden frivilligsentral. Frivilligsentralen vart stifta i 01.09.91 med sokna i Masfjorden som eigar, og har hatt ein 20% ressurs til dagleg leiar. Dette har vore for lite til å drive koordinering av eit ønske om meir frivillig arbeid i kommunen.

Det vart derfor satt ned ei arbeidsgruppe for å greie ut dette arbeidet. Resultatet av det, er bakgrunn for saka. Statlege styresmakter har satt i gong prosjektet "Leve heile livet", og frivillig arbeid i kommunen har ei naturleg rolle i dette arbeidet. I tillegg har også statlege styresmakter gjennom stortingsmelding..., auke innsatsen og merksemda på frivillig arbeid i kommunane. Etter høyringsrunde i 2021, så ventar ein enno på innføring av ny fordelingsmodell for frivilligsentraler.

Høyring

Uttale

Dette har skjedd:

Arbeidsgruppa start opp arbeidet i februar 2021, og gjorde først ei grundig kartlegging av krav og mogleg innhald i ein utvida frivilligsentral, då ved å kontakte andre frivilligsentralar, fylket, og Norges frivilligsentral. I september 2021 inviterte arbeidsgruppa lag og organisasjonar til eit felles møte for å avdekke ynskjer og behov folk i Masfjorden har for ein slik sentral. Her vart det tenkt både frivillig innsats og kva behov og hjelp det er ynskje for. Det var godt frammøte og ei god kartlegging vart gjort. Behov for en frivilligsentral i Masfjorden i større omfang kom tydeleg fram. Arbeidsgruppa har deretter jobba fram eit forslag til innhald, rammer, organisering og økonomi, og med det også nye vedtekter. På bakgrunn av rapport utarbeida i 2021 frå arbeidsgruppa, gjorde kommunestyret vedtak

i sak..., og Masfjorden sokneråd i sak, at Masfjorden frivilligsentral skal overdragast til Masfjorden kommune.

Arbeidsgruppa har utarbeidd framlegg til vedtekter. **Framlegget** er sendt på høyring og skal handsamast politisk.

Målsetting for Nye Masfjorden frivilligsentral:

Frivilligsentralen har i oppgåve å kople frivillige med dei som ynskjer og har behov for frivillig arbeid, samt initiere nye tiltak/ oppgåver i eigen regi.

I tillegg skal frivilligsentralen etablere BUA i kommunen. Bua er eit tilbod for folk som ynskjer å låne utstyr til fritidsaktiviteter.

Oppgåver retta mot offentlege instansar:

- Samarbeid med NAV - td. arbeidstrening og støttekontaktar.
- Samarbeid med sjukehus/ heimetenesta i samband med retur av utskrivne pasientar.
- Samarbeid med vidaregåande opplæring i høve lærlingar og TAF-elevar.
- Samarbeid med grunnskulen i høve faget "Innsats for andre".
- Samarbeid med Einekavane.
- Internt samarbeid med andre avdelingar, særskilt kultur og oppvekst, og helse og omsorg.
- Samarbeid med flyktningekoordinator.

Oppgåver retta mot lag og organisasjonar:

- **Hjelp til å spreie informasjon** om laga sine aktiviteter (kalender)
- Hjelp til å søkje eksterne midlar og ha oversikt på aktuelle finansielle kilder (tilgang søknadsportalen).
- Kople frivillige einskildpersoner inn mot aktiviteter i lag og organisasjonane.
- Kople frivillige mot profesjonelle aktørar, i samhandling med kultur og oppvekst, helse og omsorg.
- Fungere som formidlar av kompetanse retta mot arbeid i lag og organisasjonar.

Oppgåver retta mot enkeltpersonar som ynskjer å bidra til frivillig arbeid:

- Sjå til at den einskilde frivillige stetter formelle krav til å gå inn i det frivillige arbeidet, td. **at det ligg føre** politiattest og teiepliktserklæring.
- Bidra med kompetansetilføring/ opplæring til dei som skal yte frivillig arbeid.
- Legge til rette for at personar i arbeidstrening kan gå inn i oppgåver i det frivillige arbeidet.
- Informere om behov, og legge til rette for at personar kan melde seg til frivillig arbeid.
- Nettverksbygging og sosialt samkvem for frivillige.
- Nabohjelp – legge til rette for utføring av praktiske oppgåver.
- Gje høve til og koordinere frivillig arbeid i samband med BUA.

Oppgåver retta mot enkeltpersonar som ynskjer frivillige ytingar:

- Etablere BUA koordinert i alle deler av kommunen.
- Koordinere kurs innan digital kompetanse, jmf. prosjekt for «Digital utanforskap», «Leve heile livet» og «Stiftelsen Verdighetscenteret»
- Hjelp til å kunne bruke digitale verktøy, kurs og rettleiing.
- Tilbod om assistanse ved bruk av digitale plattformer.
- Informasjon om tilgjengelege tilbod.
- Transporttenester.
- Konsept «venn»-tilbod, med omsyn til inkludering og generasjonsmøter

- Hjelp til for at innbyggjarar kan delta i aktivitetar.
- «Velkomstpakke» for nye innbyggjarar og særskilt for flyktningar.
- Opprette uforpliktande møteplassar.

Rammer:

Tidleg i arbeidet kom det fram at ein frivilligsentral har ei stor koordineringsrolle, som synleggjort over. Arbeidsgruppa ser at ei 100% stilling for dagleg leiar er ei naudsynt ramme for å etablere ein ny sentral. Dette vart signalisert i sak vedkommande kommunal overtaking.

Ved verksemdovertaking er kommunen plikta til å overdra den 20% stillingsheimelen ein i dag har. Denne kan ikkje innlemmast i ny stilling som dagleg leiar. Det er viktig at dagleg leiar har ei heiltidsstilling, og den eksisterande stillinga vert eit naudsynt tillegg til denne, slik oppsettet av oppgåver syner.

Den totale stillingsprosenten er eit førebels estimat. Eit auka hehov kan fordre ytterlegare ressursar.

Behovet for frivilligsentralen sitt tilbod, vil vere til stades i alle deler av kommunen. For å stette dette, er det naudsynt med tilgang på kontor- og møte-/samlingslokale i alle deler av kommunen. Tilsette i frivilligsentralen må ha datautstyr, naudsynte digitale verktøy og tilgang til kommunalt nettverk, på lik linje med alle andre tilsette.

Bemanning:

I utgangspunktet skal det på plass ein dagleg leiar i heil og fast stilling, og ei deltidstilling i 20%.

Oppgåver for dagleg leiar er administrasjon og organisering av arbeidet i frivilligsentralen. Dagleg leiar vert underlagt det same teieregime som i helse- og omsorgstenesta. Dagleg leiar vil måtte jobbe tett opp mot flyktningekoordinator, kultur/ oppvekst og pleie og omsorg.

I tillegg vil det vere ein minimum 20% stilling som støttar dagleg leiar. Stillinga som no er drifta av eksisterande frivilligsentral (20% stilling) skal bidra til at dagleg leiar kan gjennomføre arbeidsoppgåvene til sentralen. Dette utgjer ein stillingsheimel på 120%, dvs. ei utviding av stillingsheimelen frå 20% som er idag til 120% i ny frivilligsentral.

Ein må ta sikte på å få gjennomført utlysing av og tilsetjing i desse stillingane så raskt som det er praktisk mogleg. Fram til oppstart 1.01.23 vil den som vert tilsett som dagleg leiar fungere som prosjektleiar for etableringa av den nye sentralen og samarbeidspartnar for flyktningekoordinator. Frå og med 01.01.23, tidspunkt for verksemdoverdraging, tiltrer den tilsette i fast stilling som dagleg leiar. Når det gjeld dei overskytande 20%, vil stillinga i tidsrommet fram til 1.01.23 kunne kombinerast med andre stillingar i kommunen.

Frivillige som arbeider i regi av Frivilligsentralen, er ein rimeleg ressurs som kjem som eit supplerande tillegg til dei ressursane kommunen nyttar for å gi innbyggjarane eit godt tilbod. Soleis vil ei satsing på tilstrekkeleg bemanning i Frivilligsentralen kunne utløyse langt fleire ressursar enn dete kommunen sjølv bidreg med.

Arbeidet i Frivilligsentralen vil vere tverrfagleg, og ein kan sjå for seg ei utveksling av oppgåver mellom Frivilligsentralen og avdelingar i kommunen, slik at desse vert løyst mest mogleg rasjonelt. Som døme på dette kan ein nemne ei samordning av Frivilligsentralen sin informasjon med øvrig

kommunal informasjon, og assistanse med transport i samband med utføring av oppgåver knytt til naboheip.

Det er også viktig å sjå at denne tverrfaglege tilnærminga gjer det enkelt for Frivilligsentralen å tilpasse seg skiftande behov for frivillig arbeid. Oppgåver knytt til arbeid med mottak og integrering av flyktingar er eit sørgeleg aktuelt døme på ein situasjon der Frivilligsentralen kan ha ei viktig rolle.

Det er dokumentert at frivillig innsats i tillegg til lønna arbeid i sentralen, utgjer langt meir enn..... Frivillig innstatts som "bemanningssressurs" kjem i tillegg til stillingsheimel, slik at den reelle bemanninga vil utgjere langt meir enn økonomisk ramme tilseier.

Bemanning opp mot andre etater: Frivilligsentralen jobbar svært tverrfagleg, slik at ressursar innan kultur, oppvekst, helse og omsorgssektoren, samt informasjonsstillinga i kommunen vil kunne verte påverka av det arbeidet den nye Frivilligsentralen koordinerer. Dette har ein ikkje oversikt på, men dette er meir meint som eit varsel for samordning av ressursar og oppgåver.

Særskilt arbeidet med mottak og integrering av flyktingar som kommunen har forplikta seg til, vil kunne vere ei slikt tverrfagleg samarbeidsoppgåve som krev felles bemanning/ ressursar

Behov for lokale og tekniske ressursar:

- Disponibel kontorplass, lokale til BUA og samlingslokale i alle delar av kommunen. Kartlegging syner at det gamle legekantoret kan nyttast i Nordbygda, næringsbygget på Matre kan nyttast i Indrefjorden, og kjellaretasje på kommunehuset kan nyttast på sørsida.
- Alle tilsette får kommunalt datautstyr og tilgang til kommunalt nettverk.
- Etablering og drift av digitalt samhandlingsverktøy inkludert eiga nettside.

Eigarskap og organisering:

Masfjorden frivilligsentral vil frå 1.01.23 vere eigd av Masfjorden kommune. Kommunestyret er generalforsamling for frivilligsentralen, og årsmøtet er eit konsulterande organ.

Styret i frivilligsentralen legg rammer for dagleg leiar sitt arbeid og innhald i oppgåver, gjennom utforming og oppfølging av planar.

Dagleg leiar er del av rådmannen sin stab. Andre tilsette i sentralen har dagleg leiar som sin næraste overordna.

For å synleggjere organisering av drift, viser vi til modellen nedanfor.

«legg inn modell av organisasjonskart»

Økonomi:

Budsjett Masfjorden frivilligsentral 2023		
Drift 2023:		Merknad:
Lønnsutgifter inkl. sos.kost.	650.000	Fagarbeiderlønn

Husleige?		Fordeling i budsjett
Straum/ energi		
Digital platform/ verktøy	10.000	Abonnement: InVi, Bua, søknadsportalen,
“møteplass” utgifter		
Dekning av utlegg til egne arrangement		
Reisegodtgjerdse		
Kurs/ kompetanseheving		
Investering 2023:		
Utstyr Bua		
Digitale verktøy		
Interiør		

Framdriftsplan:

Arbeidsgruppa seier seg villig til å fortsette arbeidet med av etableringa av sentralen dersom kommunestyret ynskjer dette. *Kommunestyret må i så fall gi arbeidsgruppa mandat til å halde fram med dette arbeidet.*

Hausten 2022 vil dagleg leiar i samarbeid med arbeidsgruppa førebu opning av ny frivilligsentral 1.01.23. Øvrige ressursar vert nytta inn mot tilrettelegging for og inkludering av flyktningar, i samarbeid med flyktningkonsulenten.

Ein nyttar disponible midlar til naudsynte innkjøp av digitale verktøy og anna utstyr, td. til BUA, som ein del av førebuinga av sentralen.

Fakta

Vurdering

Konklusjon

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost